

**Avtala om Det europeiske  
økonomiske samarbeidsområdet**

**EØS-komiteen**

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**

**nr. 62/2000  
av 28. juni 2000**

om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala (Statistikk)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XXI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 23/2000 av 25. februar 2000(<sup>1</sup>).
- 2) Kommisjonsforordning (EF) nr. 1749/1999 av 23. juli 1999 *om endring av forordning (EF) nr. 2214/96 om harmoniserte konsumprisindeks*: *oversending og formidling av delindeks under HKPI*(<sup>2</sup>) skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsforordning (EF) nr. 1617/1999 av 23. juli 1999 om nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til minstestandardar for handsaming av forsikring innanfor den harmoniserte konsumprisindeksen, og om endring av kommisjonsforordning (EF) nr. 2214/96(<sup>3</sup>) skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

---

(<sup>1</sup>) Enno ikkje kunngjord.

(<sup>2</sup>) TEF L 214 av 13.8.1999, s. 1.

(<sup>3</sup>) TEF L 192 av 24.7.1999, s. 9.

### *Artikkel 1*

I vedlegg XXI til avtala i nr. 19c (kommisjonsforordning (EF) nr. 2214/96) vert følgjande lagt til:

“, endra ved:

- **399 R 1749:** Kommisjonsforordning (EF) nr. 1749/1999 av 23. juli 1999 (TEF L 214 av 13.8.1999, s. 1), retta ved TEF L 267 av 15.10.1999, s. 59,
- **399 R 1617:** Kommisjonsforordning (EF) nr. 1617/1999 av 23. juli 1999 (TEF L 192 av 24.7.1999, s. 9). ”

### *Artikkel 2*

I vedlegg XXI til avtala etter nr. 19g (kommisjonsforordning (EF) nr. 2646/98) skal nytt nr. 19h lyde:

“19h. **399 R 1617:** Kommisjonsforordning (EF) nr. 1617/1999 av 23. juli 1999 om nærmare reglar for gjennomføringa av rådsforordning (EF) nr. 2494/95 med omsyn til minstestandardar for handsaming av forsikring innanfor den harmoniserte konsumprisindeksen, og om endring av kommisjonsforordning (EF) nr. 2214/96 (TEF L 192 av 24.7.1999, s. 9).”

### *Artikkel 3*

Teksta til kommisjonsforordning (EF) nr. 1749/1999, retta ved TEF L 267 av 15.10.1999, s. 59, og (EF) nr. 1617/1999 og på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

### *Artikkel 4*

Denne avgjerda tek til å gjelde 29. juni 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

*Artikkel 5*

Denne avgjerdha skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utferda i Brussel, 28. juni 2000.

For EØS-komiteen  
Formann

F. Barbaso

Sekretærar for EØS-komiteen

G. Vik                    E. Gerner